**Ei større satsing og meir fleksibel verneplikt**

Satsinga på forsvaret og totalberedskap vi ser no er kjempeviktig, men det er ikkje nok, og vi treng ei endring, vi treng fleire vernepliktige og ein meir fleksibel fyrstegongsteneste. I krise og krig er ein framleis heilt avhengig av at dei sivile tenestene framleis fungerer.

Verdssituasjonen blir mindre trygg. Antal autokrati i verda aukar, og fleire demokrati svekkast, det ser ein særleg i USA i dag i følge *V-DEM democracy report*. Samtidig veks autokrati som Kina og Russland meir, og krigar kjem nærmare Noreg. I Noreg er vi avhengig av å halde ut i minst 30 dagar før støtta og hjelpa frå USA og resten av NATO er her ved krig eller krise. Noregs tryggleik kjem ikkje av seg sjølv.

Forsvaret er avhengige av at unge menneske er villige til å stille opp og ta ansvar for landet vårt. Verneplikta er ein viktig del av forsvaret vårt. Det er ikkje alle unge som er motiverte til ein militær fyrstegongsteneste, mange vil prioritere utdanning eller arbeid. Det er heller ikkje alle som er skikka til militær fyrstegongsteneste. Vi veit også at i ein eventuell krig kjem alle samfunnets institusjonar til å bli påverka, Noreg må derfor ha ei befolkning som er forberedt på dette, vi treng meir kunnskap om sivile funksjonar i krise og krig, eit forbedra totalforsvar.

Vi i senterungdommen meiner derfor at unge burde ha moglegheita til å gjennomføre ein sivil fyrstegongsteneste. Vi burde satse på ein meir fleksibel fyrstegongsteneste, der vi kan bruke unge sin kunnskap og fagkompetanse på ulike områder meir fleksibelt.

For eksempel; viss ein har fagbrev som mekanikar, men ikkje er skikka til militær teneste av ulike grunnar, kan ein likevel gjennomføre ein sivil eller militær teneste som mekanikar på militære køyretøy. Har ein ei interesse for utdanning innanfor helse men ikkje har motivasjon til militær fyrstegongsteneste, kan ein gjennomføre ein sivil fyrstegongsteneste der ein lærar om korleis ein skal ivareta sivile si helse i krig.

Dette skal ikkje påverke antalet militære vernepliktige negativt, det skal føre til ei auking i vernepliktige både i militær teneste og sivil teneste. Vi meiner at heile samfunnet kjem til å tene på at fleire unge lærar seg å handtere krise.

Når vi har ei verneplikt som byggjar på at ungdom skal bidra til fellesskapet, må vi også ha ei forventning om at fleire er villige til å ta denne oppgåva på alvor. Det skal vere større terskel for å droppe fyrstegongstenesta, for det handlar om ansvar, disiplin og om viljen til å bidra når det krevjast i samfunnet. Ein meir fleksibel fyrstegongsteneste med moglegheita for å tenestegjer enten sivilt eller militært kjem til å auke motivasjonen, samtidig som fleire lærar om sivile oppgåver i krig og krise.

**Senterungdommen vil:**

- At verneplikta ska bli lyfta fram som ei viktig samfunnsoppgåve og eit felles ansvar.
- At terskelen for å droppe fyrstegongsteneste på grunnlag av låg motivasjon skal bli høgare.
- At verneplikta skal bli meir fleksibel slik at unge skal få meir motivasjon til å gjennomføre fyrstegongstenesta.
- At unge skal kunne gjennomføre sivilteneste dersom dei ikkje når krava til militær teneste.
- At unge som er skikka til teneste skal møte ei tydleg forventning om å bidra til totalforsvaret.
- At unge skal lære meir om sivile roller under krig og krise.

**Innsendt: Oppland Senterungdom**